

# Protokoll årsmøte i 4H Sogn og Fjordane

## 11. februar 2024

### Opning

Leiar Camilla ynskte velkomen. Takka for eit flott år, og skrytte av kor flinke alle var då brannalarmen vart utløyst under styrekurset.. Alle som var instruktørar og arrangørar fekk takk, og ei lita merksemd.

Representant Knut Tore Nes Hjelle frå Felleskjøpet delte ut diplom til nordfjord-, sunnfjord- og sognemeister, samt eit sponsa tinnkrus til årets klubb.

Nordfjordmeister: Kløveren 4H

Sunnfjordmester: Eikås 4H

Sognemeister og årets klubb: Hesjastauren 4H

### Sak 1 Konstituering av fylkesårsmøte

#### Sak 1.1 Opning og namneopprop

Det var 41 deltakarar med røysterrett, og 51 observatørar på årsmøtet; 92 deltakarar totalt. 79 medlemmer frå 4H-klubbar, 3 frå valnemnda, 6 frå fylkesstyret, 1 frå sekretariatet i 4H Norge, 2 tilsette ved 4H-kontoret i Førde, og 1 som representerte både Felleskjøpet og Vestland bondelag.

### Deltakarliste årsmøte i 4H Sogn og Fjordane:

Delegatliste frå klubbane

Klubbnavn	Fornavn	Etternavn
Bergkrystallen 4H	Lydia Brendsdal	James
Bergkrystallen 4H	Luna Mari Mølmesdal	Førde
Bergrosa 4H	Johanne	Fristad
Bergrosa 4H	Yngvil Elisabeth	Strøm-Sire
Blåklokka 4H	Heidi Kjos	Sunde
Blåklokka 4H	Julie Fossheim	Lykkebø
Eggenipa 4H	Elena Midtbø	Sæthre
Eggenipa 4H	Karoline Festervoll	Bolstad
Eggenipa 4H (fs)	Nicolai	Sandnes
Eikås 4H	Ola Flugekvam	Tonning
Fjordljøs 4H	Elisabeth	Feten
Fjordljøs 4H	Leander Lillehauge	Thorsnes
Fjærland 4H	Maren Mundal	Skjelten
Fjærland 4H	Linnea Bøyum	Haugen
Framsyn 4H	Ingrid	Bell

Framsyn 4H	Selina Paola	Skudalsnes
Freidig 4H	Synne	Orheim
Freidig 4H	Jonathan Kvalheim	Osnes
Hafslovatnet 4H	Sølve Skjerven	Oksnes
Hafslovatnet 4H	Trym Tufte	Tyssen
Hesjastauren 4H	Isak Hagen	Otterskred
Hesjastauren 4H	Birte Kristin Kjølven	Hauglum
Kløveren 4H	Petter Andreas	Listou
Kløveren 4H	Even	Kleppenes-Rygg
Nausta 4H	Nikoline Hylland	Fitje
Nausta 4H	Kristoffer Hylland	Fitje
Skogkløver 4H (fs)	Trond Arild M.	Austgulen
SOFA	Evi Susann	Skeide
SOFA	Maria Cecilie Nesheim	Aardalsbakke
SOFA (fs)	Cathrine Helen	Ravnøy-Ulvnes
Steintøff 4H	Leander Yndestad	Isaksen
Steintøff 4H	Ine Elise	Magnussen
Trekløveret 4H	Herman	Kjøllesdal
Trekløveret 4H	Erik Mathias	Johnsen
Trekløveret 4H (fs)	Dianne Jorunn	Eikås
Troda 4H (fs)	Camilla	Nesheim
Troda 4H	Jakob Mathias Nesheim	Aardalsbakke
Troda 4H	Emma Langeland	Dombestein
Ørn 4H	Noa Krisander	Isene
Årdalsklubben 4H	Harald Oveland	Gikling
Årdalsklubben 4H	Simen Eelco	Paulides

#### Deltakarliste utan stemmerett

Klubbnavn	Fornavn	Etternavn
4H Norge	Stine Pernille	Kjos
4H Sogn og Fjordane	Ole	Seljeseth
4H Sogn og Fjordane	Helene	Lundekvam
Blåklokka 4H	Hanne Kristine	Kjos
Blåklokka 4H	Linda Klævold	Kjempenes
Blåklokka 4H	Thea Klævold	Kjempenes
Blåklokka 4H (valnemnd)	Kåre Olav	Gjesdal
Eggenipa 4H	Othilie kristiansen	Støyva
Eggenipa 4H	Margrete	Gil
Eggenipa 4H	Marius	Myklebust
Eggenipa 4H	Hanne	Sunde

Eggenipa 4H	Inger-Margrethe	Sørland
Felleskjøpet/Vestland Bondelag	Knut Tore	Nes Hjelle
Fjordljøs 4H (valnemnd)	Mariann Kvalheim	Thorsnes
Fjordljøs 4H	Toralf	Menes
Fjordljøs 4H	Mikael	Feten
Fjordljøs 4H	Sindre	Nesse
Fjordljøs 4H	Adrian	Skåsheim
Fjordljøs 4H	Ingeborg	Menes
Fjordljøs 4H	Gjertrud Totland	Feten
Fjærland 4H	Sverre	Eineteig
Fjærland 4H	Vemund	Ødegård
Fjærland 4H	Vivian	Fodnes
Framsyn 4H	Kari	Storøy
Freidig 4H	Kathrine	Kvalheim Osnes
H.A.N.S.A. / SOFA (Ordfører)	Eirik	Førde
Hafslovatnet 4H	Ann Elisabeth	Skjerven
Hafslovatnet 4H	Sebastian Lundell	Seljen
Hafslovatnet 4H	Hege seljen	Torheim
Hesjastauren 4H	Turid	Christensen
Hesjastauren 4H	Tina K.	Hauglum
Hesjastauren 4H	Janne	Hønsi
Hesjastauren 4H	Eivor	Time
Kløveren 4H	Anne Elisabeth	Listou
Kløveren 4H	Elin Jorunn	Roset
Nausta 4H	Hilde Berit	Hylland
Nausta 4H	Nora Taule	Leikanger
Nausta 4H	Henrik	Slettehaug
NIFYEA (Varaordfører)	Hilde	Sværen
SOFA	Anita	Halbrend
SOFA	Helen	Halbrend
SOFA (fs)	Ingebjørg	Halset
SOFA	Kristin	Eineteig
SOFA (Valnemnd)	Tone Margaret	Ødegård
Solstrålen 4H	Anne Jorunn	Svoen
Steintøff 4H	Veronica Therese Yndestad	Isaksen
Troda 4H	Simon Elias Nesheim	Aardalsbakke
Troda 4H	Sarah Rebecka Nesheim	Aardalsbakke
Troda 4H	Saron-Kristoffer	Indredavik-Karstensen
Årdalsklubben 4H	Johannes Paulus	Paulides
Årdalsklubben 4H	Grytsje	Kooistra

## **Sak 1.2 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Ordfører Eirik Førde la fram innkalling og sakliste.

**Vedtak: Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.**

## **Sak 1.3 Val av referent og teljekorps**

Ordfører Eirik Førde la fram forslag til referent:

- Elin Jorunn Roset frå Kløveren 4H
- Hanne Sunde frå Eggenipa 4H

**Vedtak: Elin Jorunn Roset frå Kløveren 4H og Hanne Sunde frå Eggenipa 4H**

Ordfører Eirik Førde la fram forslag til teljekorps:

- Katrine Kvalheim, Freidig 4H
- Toralf Menes, Fjordljøs 4H
- Kari Storøy, Framsyn 4H
- Anne Jorun Svoen, Solstrålen 4H

**Vedtak: Katrine Kvalheim Freidig 4H, Toralf Menes Fjordljøs 4H, Kari Storøy Framsyn 4H, Anne Jorun Svoen Solstrålen 4H vart valt til teljekorps**

## **Sak 1.4 Val av to til å skrive under protokollen**

Ordfører Eirik Førde la fram forslag til to til å skrive under protokollen:

- Nora Taule Leikanger, Nausta 4H
- Turid Christensen, Hesjastauren 4H

**Vedtak: Nora Taule Leikanger frå Nausta 4H og Turid Christensen Hesjastauren 4H vart valt til å skrive under møteprotokollen.**

## **Sak 1.5 Godkjenning av forretningsorden**

Ordfører Eirik Førde la fram forslag til forretningsorden for årsmøtet.

**Vedtak: Årsmøtet vedtok ordfører sitt framlegg til forretningsorden.**

## **Helsing**

Stine Pernille Kjos frå 4H Norge skryt om alt det bra som skjer i 4H Sogn og Fjordane: «Der svinger det!». Sender helsing frå 4H Norge og ynskjer lykke til med årsmøtet.

## **Sak 2      Årsmelding 2023**

Årsmelding 2023 vart lagt fram av Trond Arild Austgulen frå fylkesstyret.

Dette kom fram av innspel, spørsmål og diskusjon i saka:

- 103: Eirik Førde kommenterer den flotte utsikta; stavkyrkja og gravplassen som næraste nabo til teltleiren på Nordisk leir på Lom. I årsmeldinga sto det at årets landsleir var på Lom. Dette vart retta før årsmøtet.

**Vedtak: Årsmøtet godkjende årsmeldinga for 2023.**

## **Sak 3      Rekneskap 2023**

Rekneskap 2023 vart lagt fram av Nicolai Sandnes frå fylkesstyret.

Dette kom fram av innspel, spørsmål og diskusjon i saka:

- 13: Nikoline Hylland Fitje, Nausta 4H, innlegg: Trivselsagent kostnad står skrive med kroner 1, kvifor?
- 152: Dianne Eikås, fylkesstyret/Trekløveren 4H, replikk: Eg har ikkje svaret, men vil berre seie at det er eit veldig billeg tilbod.
- 2: Camilla Nesheim, fylkesstyret, svar-replikk: Grunnen til at det ser litt annleis ut er at det blir brukt pengar frå Sparebankstifting og Levande lokalsamfunn også til å dekke kostnadar ved trivselsagentsamlingane.

**Vedtak: Årsmøtet godkjende rekneskapen for 2023.**

## **Gruppearbeid**

Tema: Korleis kan fylkesstyret legge til rette for at klubbane vil vere arrangørklubbar? Årsmøtet vart delt inn i grupper, og fekk arbeide med dette temaet. Nokre grupper presenterte arbeidet sitt på talarstolen.

## **Presentasjon gruppearbeid**

Dette kom fram av innspel, spørsmål og diskusjon i saka:

113: Othilie Kristiansen Støyva, Eggenipa 4H, Innlegg: Meir informasjon om kva det inneber å arrangere. Vite om dei økonomiske konsekvensane. Dei som arrangerer må få noko for det. Fleire nemnder og rullering. Oppfordre til meir samarbeid mellom klubbane og dermed mindre ansvar på ein enkelt klubb.

6: Sølve Skjerven Oksens, Hafslovatnet 4H, innlegg: økonomisk støtte, godt samarbeid med fylkesstyret, utvikle instruksar, oppskrift på korleis ha leir, superhelg, kurs. God tid til planlegging. Bør få ekstra poeng for å planlegge/arrangere.

36: Synne Orheim, Freidig 4H, Innlegg: Tydeleg informasjon om kva som skal til med tanke på organisering, lokale og liknande. Få ut god informasjon på nettsida. At klubben kan ha det som eit prosjekt med poeng. At klubben som arrangerer set att med overskot. Kontoret må hjelpe til med logistikk og søknadsskriving.

12: Emma Langeland Dombestein, Troda 4H, innlegg: Konkurrans med dei ulike klubbane. Dei som arrangera mest får ein premie som er sponsa av 4H Sogn og Fjordane. Deltakarane frå arrangementsklubb skal sleppe å betale leiravgift eller få rabatt. Då får ein òg fleire deltakarar. Fleire klubbar samarbeider om å arrangere. Rulleringsplan med eit fast system på kven som skal arrangere kva og kor tid.

Alle på årsmøtet vart tildelt stemmerett i denne saka, og tok opp til avstemming om fylkesstyret skulle ta med seg innspela i arbeidet

**Vedtak: Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

## **Sak 4      Årsplan 2024 og 2025**

Årsplan 2024 og 2025 vart lagt fram av Cathrine Helen Ravnøy- Ulvnes på vegne av fylkesstyret.

Dette kom fram av innspel, spørsmål og diskusjon i saka:

- 2: Camilla Nesheim Troda 4H/ fylkesstyret, innlegg: I veke 39 står det "4H treff": vi har hatt utfordring med oppmøte på regionssamlingane og har difor funne ut at "treff" er eit meir passande ord til desse samlingane.
- 150: Inger Margrethe Sørland Eggenipa 4H, innlegg: Trivselsagentsamling er i mars samtidig som nattvolleyballcup, og ikkje i april slik det står i årsplanen. Kan dette endrast slik at folk ikkje møter opp til feil tid?
- 103: Eirik Førde, kommentar: Fylkesstyret tek det med som ein redaksjonell endring.
- 2: Camilla Nesheim Troda 4H/ fylkesstyret, innlegg: Leir i Sunnfjord, her er fortsatt ikkje arrangørklubb for årets fylkesleir. Vi håpar at nokon tek kontakt med fylkesstyret, for dette må vi få til.
- 150: Inger Margrethe Sørland, Eggenipa 4H, replikk: Må det vere Sunnfjord som har leir, eller kan det vere andre som tar det frå Nordfjord eller Sogn?

- 2: Camilla Nesheim Troda 4H/ fylkesstyret, svar-replikk: Vi har ei rullering for at det ikkje skal vere for mange samlingar på ein region etter kvarandre. Vi ønskjer Sunnfjord, men skal ikkje stå i vegen for at nokon av dei andre regionane melder seg som arrangør.
- 147: Kristin Eineteig, SOFA, innlegg: Info om trivselsagentsamling. Første samling i mars og andre i juni. Påmeldinga er open, så berre å vere med.

#### Årsplan for 2025:

- 102, Stine Pernille, 4H Norge, innlegg: Det er bekrefta at Sverige tek på seg nordisk leir dette året.
- 31, Heidi Kjos: Blåklokka 4H, innlegg: klubben vår har ikkje fått spørsmål om storkurs 2025, og har difor ikkje fått høve til å svare ja på dette.
- 2: Camilla Nesheim, Troda 4H/ fylkesstyret, svar-replikk: Beklagar at det er satt opp utan at Blåklokka er blitt spurt. Blåklokka kan tenke på det.
- 103: Eirik Førde, kommentar: foreslår at staden for storkurs vert førebels fjerna.
- 2: Camilla Nesheim, Troda 4H/fylkesstyret, innlegg: kjekt at trivselsagentane er med på nattvollyballcupen. Så difor ynskjer vi at desse arrangementa vert samkjørt.
- 147: Kristin Eineteig, SOFA, innlegg: Klubbrådgevarane i Sunnfjord ønskjer at 4H kontoret kallar oss inn til møte på teams for å diskutere fylkesleir.

#### Framlegg til vedtak:

Følgjande endringar vert inkludert i årsplanane for 2024 og 2025:

- Trivselsagentane skal ha samling i mars (samtidig med nattvolleyballen) og juni 2024.
- Vassenden blir fjerna frå årsplan som stad for storkurs 2025.
- Sverige blir satt inn som stad for nordisk leir 2025.

**Vedtak: Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

## **Sak 5 Fastsetjing av refusjon og godtgjersle til fylkesstyret**

Framlegg til fastsetjing av refusjon og godtgjersle til fylkesstyret vart lagt fram av Tone Ødegård frå valnemnda.

Ordførar Eirik Førde informerer: Fylkesstyret har ikkje stemmerett i denne saken.

**Framlegg til vedtak:** Godkjenne forslag frå fylkesstyret om refusjon og godtgjersle.

**Vedtak: Einstemming vedtatt.**

**Reklame frå Eirik Førde:** Følg oss på SoMe! 4H Sogn og Fjordane har si offisielle Facebookside og ei eiga gruppe for klubbrådgjeverar. I tillegg er vi på Instagram (@sfj4h), Snapchat (@sfj4h) og TikTok (@sfj4h)

## **Lunsj**

## **Helsingar**

Helsing og lukkeønskjer frå Vestlandet Bondelag ved nestleiar Knut Tore Hjelle.

## **Sak 6 Revidering av budsjett for 2024**

Framlegg til justert budsjett for 2024 vart lagt fram av Nicolai Sandnes i fylkesstyret.

Dette kom fram av innspel, spørsmål og diskusjon i saka:

- 137: Grytsje Kooistra, Årdalsklubben 4H, innlegg: Inntekt, er dette pengar de allereie er sikre på at de har, eller er det framleis pengar vi ikkje har fått, som kan vere med å jamne ut det budsjetterte underskotet?
- 2: Camilla Nesheim Troda 4H, svar-replikk: Vi har allereie fått støtte frå to; Gjensidigestiftinga og Sparebankstiftinga. Difor gratis styrevervkurs og rimelegare inspirasjonssamlinga. Det er viktig å tørre å satse for å ikkje miste medlemmar. Så om det då blir litt underskot, så får det heller berre vere. Det er ein søknad ute til Miljødirektoratet som ikkje er komen svar på endå, men der håpar vi på positivt. Det vil òg hjelpe.

Kommentar frå ordførar Eirik Førde: Fylkesstyret har lov til å stemme på denne saken.

**Vedtak: Fylkesstyret sitt framlegg til justert budsjett for 2024 vart vedteke.**

## **Sak 7 Budsjett 2025 og 2026**

Framlegg til budsjett for 2025 og 2026 vart lagt fram av Nicolai Sandnes i fylkesstyret.

**Vedtak: Fylkesstyret sitt framlegg til budsjett for 2025 og 2026 vart vedteke.**

Årsmøtet song 4H-visa vakkert!

## **Sak 8 Vedtektsendringar**



Ingebjørg Halset frå fylkesstyret la fram forslag til vedtektsendringar på vegne av fylkesstyret.

Dette kom fram av innspel, spørsmål og diskusjon i saka:

- 150: Inger Margrethe Sørland, Eggenipa 4H, innlegg: Syns det er bra den blir tatt vekk. Då kan ein bruke dei tilsette meir inn mot det økonomiske. Det å legge eit så stort ansvar for økonomien på ein frivillig er veldig fornuftig. Alle må sjølv sagt ha eit ansvar, men greitt at det ikkje berre er ein.
- 103: Eirik Førde, kommentar: Juridisk sett er det heile fylkesstyret som har ansvar for økonomien.
- 2: Camilla Nesheim, Troda 4H/fylkesstyret, kommentar: De spør korleis vi organiserer det no, for vi har ikkje klart å følgje den paragrafen det siste året, men vi har vore heldige at Ole har tatt ansvar på kontoret. Men dei i fylkesstyret har hatt ansvar for å lage budsjettet på aktivitetane dei har ansvar for. Dette gjer det meir oversiktleg og overkomeleg.

**Vedtak: §6 punkt 1 vert fjerna. Dermed vert òg §6 punkt 2 endra til ny §6 punkt 1.**

## **Sak 9      Årsmøteuttale**

Det vart ikkje fatta vedtak i denne saka.

## **Sak 10      Tilsetjing av revisor**

Dette kom fram av innspel, spørsmål og diskusjon i saka:

- 2: Camilla Nesheim, Troda 4H/fylkesstyret, innspel: Vi er ikkje pålagt å bruke statsgodkjent revisor, og difor er forslaget å spare litt pengar og foreslå ein frivillig, nemleg Trond Arild Austgulen.
- 122: Hanne Sunde, Eggenipa 4H, replikk: Positivt med frivillig revisor, men det kan vere ein fordel å ha to revisorar så ein slepp å sitte med alt ansvaret åleine.
- 150: Inger Margrethe Sørland, Eggenipa 4H, spørsmål: Kor mykje betalar vi for revisor? Kor mykje betalar vi ein frivillig revisor i honorar? Skal dette vedtakast av årsmøte eller kan fylkesstyret få mandat til å ordne dette.
- 2: Camilla Nesheim, Troda 4H/fylkesstyret: Over 30.000 blir betalt til autorisert revisor per i dag. Vi har tenkt på eit honorar på 5.000 kr til ein frivillig revisor. Sidan dette er ein jobb ein gjer, og den bør vere betalt.
- 103: Eirik Førde, innlegg: Det er kome inn to forslag til revisorar for 2024; Trond Arild Austgulen og Runar Sandnes.

**Vedtak: Runar Sandnes og Trond Arild Austgulen vart vald ved akklamasjon**

## **Sak 11 Val**

Tone Ødegård frå valnemnda, la fram valnemnda sitt forslag.

Dette kom fram av innspel, spørsmål og diskusjon i saka:

- 103: Eirik Førde, kommentar: Det manglar representant til valnemnda og vara for denne i frå Nordfjord, det må årsmøtet tenke hardt på til vi kjem til valet her.
- Det kom benkeforslag om Jakob Mathias Nesheim Aardalsbakke (Troda 4H) til vara frå Nordfjord.
- 150: Inger-Margrethe Sørland (Eggenipa 4H), innlegg: Foreslo Berit Sørland som medlem i valnemnda frå Nordfjord
- 148: Tone Ødegård (SOFA), innlegg: Årsmøtet og ordførar må hugse at det skal veljast ein leiar blant medlemmane i valnemnda
- 103: Eirik Førde, replikk: Eg foreslår Mariann Kvalheim Thorsnes, som har takka ja til dette ved nikking frå bakerste rad.

**Vedtak: Desse vart valde til fylkesstyret 2024:**

### **A. Ordførar og varaordførar**

**Ordførar:** Eirik Førde, SOFA/H.A.N.S.A (Gloppen) valt ved akklamasjon.

**Varaordførar:** Hilde Sværen, Fjordljøs 4H valt ved akklamasjon

### **B. Fylkesstyre**

**Leiar:** Camilla Nesheim Troda 4H (Bremanger) valt med 41 stemmer (Einstemmig valt og ståande applaus).

**Styremedlem:** Dianne Eikås, Trekløveret 4H (Stad) 2 år (opprykk)  
Valt med 35 stemmer (6 blanke).

**Styremedlem:** Inger Margrethe Sørland, Eggenipa 4H Gloppen for 1 år (ny)  
valt med 40 stemmer (1 stemme mangla)

**Styremedlem: Cathrine Ravnøy-Ulvnes**, Nausta 4H (Sunnfjord)  
Ikkje på val / valt i 2023

**Styremedlem: Nicolai Sandnes**, Eggenipa 4H (Gloppen)  
Ikkje på val / valt i 2023

### **C. Vararepresentantar til fylkesstyret**

**1.vara:** Ella Førde, Eggenipa 4H (Gloppen) for 1 år (ny), valt ved akklamasjon

**2. vara:** Grytsje Kooistra, Årdalsklubben 4H (Årdal) for 1 år (ny) valt ved akklamasjon

**3. vara:** Kristin Eineteig, SOFA (Fjærland) for 1 år (ny), valt ved akklamasjon

#### D. Valnemnd:

**Valt i 2023:** Mariann Kvalheim Thorsnes, Sogn (Fjordljøs 4H) To år  
Vara: Michal Niedzwiecki, Sogn (Årdalsklubben 4H) To år

**Valt i 2024:** Anne Jorun Svoen, Sunnfjord (Solstrålen 4H) To år  
Vara: Veronika Isaksen, Sunnfjord (Steintøff 4H) To år  
Begge valt ved akklamasjon

**Valt i 2024:** Berit Ellefsplass Sørland Nordfjord (Eggenipa 4H) To år  
Vara: Jakob Mathias Nesheim Årdalsbakken Nordfjord (Troda 4H) To år  
Begge valt ved akklamasjon

Leiar i valnemnda: Mariann Kvalheim Thorsnes (eit år) valt ved akklamasjon

#### E. Delegatar m/vara til Landsmøtet

Maria Cecilie Nesheim Årdalsbakke (Troda 4H)  
Johannes Paulides (Årdalsklubben 4H)  
Eirik Førde (SOFA/ H.A.N.S.A)  
Inger Margrethe Sørland (Eggenipa 4H)

Vara:

Sølve Skjerven Oksnes (Hafslovatnet 4H)  
Ingebjørg Halset ( Kjernen 4H/SOFA)  
Cathrine Ravnøy-Ulvnes (Nausta 4H/ SOFA)  
Eirik Vikøren (SOFA)

Alle vart valt ved akklamasjon.

## Avslutning v. Camilla Nesheim

Stor takk til dei i frå Fylkesstyret som takkar av. Camilla gler seg til vegen vidare saman med heile 4H Sogn og Fjordane!



Eirik Førde (Feb 21, 2024 11:49 GMT+1)

Eirik Førde  
Ordførar



Hanne K. Sunde (Feb 21, 2024 17:42 GMT+1)

Hanne K. Sunde  
Referent



Elin Jorunn Roset (Feb 21, 2024 22:13 GMT+1)

Elin Jorunn Roset  
Referent



Nora Leikanger (Mar 19, 2024 16:04 GMT+1)

Nora Taule Leikanger  
Underskrivar



Turid Christensen (Mar 19, 2024 21:46 GMT+1)

Turid Christensen  
Underskrivar